



Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja, som har dette ansvaret. Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja.

Dette inneber ein **T**-dag kvart år med ulike tema tilpassa alder.

Det er viktig å vera trygg i eiga tru og eigne tradisjonar, slik kan me møta andre med respekt. Dette ynskjer me å formidla på **T**-dagane våre. **Vel møtt!**

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"
Frivillig gåve til trusopplæringa til
kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Velkomen til
T₄-dag

Barnebibel til 4-åringane



T₄



STØRST AV ALT

BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA
VOSS

Kjære 4- åringseim

De har no eit barn, fødd 1. halvår 2014 og truleg døypt ei tid etter det.

Saman med 4- åringen er de invitert til T₄-dag.

Me samlast fyrst i Vonheim. Her vert me betre kjende gjennom både leik og song. Litt å eta og drikka får me og. Litt før kl. 11:00 går me saman til Vangskyrkja. Her skal me ha ei kort gudsteneste der utdeling av Barnebibelen til 4- åringane vert det viktigaste.

Me skal få sjå og høyra barnekoret Mini/MidiSing. Dei øver i Vangskyrkja kvar torsdag 17:30-18:30. Du er invitert til å vera med på øvingane framover. Då kan du få verta betre kjend med barnekoret, kanskje du får lyst til å fortsetja?

Gje beskjed: -om barnet treng spesiell tilrettelegging eller om det er betre med lydbok.
-om barnet har mjølk-/gluten-/eggallergi.
-om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
-om de ikkje ynskjer at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l.

Heile familien er velkomen. Tilbodet om bok gjeld alle born i den aktuelle alderen.

De vel sjølve om de vil vera med både i Vonheim og i kyrkja, eller berre i kyrkja. Gje melding om dette ved påmeldinga.

PÅMELDING innan torsdag 15. mars
sms til 995 18 194 (Camilla Margareta Velsvik)